

# Norsk namnelag



Norsk namnelag (NNL) har til føremål å vekke interesse for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern. Det gjeld stadnamn, personnamn, namn på husdyr osv., dvs. heile namneskatten i samfunnet, medrekna samiske og finske (kvenske) namn. (Frå § 1 i lovene)


Deler du denne interessa for namn?

## MELD DEG INN I NORSK NAMNELAG!

Kontingent: 300 kr året. Under *Medlemskap* på heimesida [www.norsknamelag.no](http://www.norsknamelag.no) finn du opplysningar om innmelding gjennom NOVUS forlag [novus.no](http://novus.no)

Du får som medlem

- meldingsbladet *Nytt om namn* ein gong i året. Her vil du finne opplysningar om konferansar og seminar, oversyn over og omtale av nye masteroppgåver, kommentarar til aktuelle namnesaker, oversyn over klagesaker, orientering om ny namnelitteratur, informasjon frå namnelaget, men òg kortare og lengre artiklar med namnefagleg innhald. Du kan studere innhaldet nærare på heimesida under *Tidsskrift*.
- fagtidsskriftet *Namn og Nemne* ein gong i året. Her vert det publisert namneartiklar av ulikt slag, både vitskaplege artiklar og artiklar av meir populærvitskapleg karakter. Her er artiklar om einskilde namneklassar, namnetolkingar, namngjeving, normering av namn, namneteoretiske spørsmål, etymologiske problemstillingar, busetjingshistorie og namn, namn og kulturhistorie osv.



Her ser vi dei to største gruppene namn som NNL arbeider med: stadnamn og personnamn. Andre grupper er gatenamn, husdyrnamn (namn på t.d. hestar, kyr, hundar, kattar), skipsnamn, merkenamn, osv. Norsk namnelag vart skipa i 1983 og har ca. 300 medlemmer.

**MELD DEG INN I NORSK NAMNELAG!**